

Jon Schau til Knarvik

30.april kjem skodespelaren Jon Schau til Knarvik for å halda føredrag. Temaet for føredraget er «Det økologiske mennesket».

– Schau er oppteken av det økologiske eller det naturlege menneske. Eit menneske som er det er, som ein motpol til prestasjonsmenneske, som gjer livet bra eller dårleg. I vår tid er det

liten plass til det naturlege menneske, skriv Birte Romarheim i ei melding til avisa. Det er Romarheim som står som arrangør for føredraget. Ho skriv vidare at Schau er oppteken av å skapa rom for det naturlege menneske og vil dela sine tankar om dette. Romarheim håpar på ein flott og fargerik kveld i



Treng folk til Amerikafeber

RADØY: Amatørskodespelarar som kan tenkja seg å vera med i spelet «Amerikafeber» på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta til sommaren, kan møta på Samfunnshuset Skogen i føremiddag. Der vert den første samlinga for folk som vil vera med. Det har alt meldt seg ein god del folk, men der er behov for fleire, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved utvandringssenteret til Strilen. Ivar Hopland og Lars Voss Sørhus skal vera regissørar for spelet, og ein treng folk i alle aldrar.

Radøy Formannskap

barnehage



DETT VART OGSÅ VEDTEKE

(Alle vedtak var samrøystes)

– Formannskapet seier i ein høyringsuttale om kraftlinja Mongstad-Kollsnes, at ein framleis står på kravet om jordkabel. Samstundes er ein positiv til BKK sine siste framlegg om landtak i Kuvågen vest på Radøy, og justering av overgang mellom eit eventuelt luftspenn og sjøkabel i Saltvika aust på øya.

– Formannskapet godtek avtalen med fylket om partnerskap for folkehelse. Avtalen inneber mellom

anna at kommunen får folkehelsekoordinator i førti prosent stilling.

– Ordførar Jon Askeland og varaordførar Ann-Christin Hoen er dei politiske representantane i jubileumskomiteen for 2014. Kommunen skal markera både grunnlovsjubileet (200 år), og at Radøy kommune rundar 50 år i 2014. Roy Bø er vara for politiske representantar.

– Arbeidsavtalen for nyerrådmannen Jarle Landås er godkjent av formannskapet, ei oppgåve delegert av kommunestyret. Rådmannen er alt på plass i jobben, med ei årsløn på 820.000.

SAGT I MØTET

– Eg må stemma som KrF i dag.

Morgan Taule (Ap), som var vara for Grethe Lunde (KrF) (felles varaliste)

– Tabben her er at me ikkje har lånt meir, då hadde me spart enno meir!

Kenneth Murberg (H), fleipar om rentenedgangen på kommunale lån.

– Me må basera drifta av barnehagane slik me driv skulane, og ha talet plassar i barnehagane om lag likt med fødselstalet.

Jon Askeland (Sp)

– Kjem det jordkabel, kan dei starta i morgon.

Jon Askeland (Sp) om Mongstad – Kollsnes

Hylla er selt

AUSTMARKA: Kommunen har selt området «Hylla» i Austmarka for litt over 2,1 millionar kroner. Området er regulert til 13 bueiningar, men kan ved ny regulering gje plass til fleire.

Vegstellet lovar asfalt

Statens vegvesen lovar å asfaltera litt på Radøy-vegane den kommande sommaren. Det vert strekningsvis asfaltering på fylkesveg 565 mellom Straume og Soltveit, og mellom Rossnes og Villanger. Kommunen har bedt om asfalt fleire stader. Vegstellet lovar elles veglys på strekket Austmarka – Lyseknappen i løpet av 2012, eit arbeid som vil tetta eit «svart hol» på fylkesveg 565.

– God idé, men dyr

MANGER: Olav Marås har komme med eit skriftleg innspel til kommunen, der han mellom anna ber om at eit større bygg i Manger Senter vert vurdert framfor å la Rema 1000 komma inn i eit nytt bygg på tomte til den gamle prestebustaden. Formannskapet drøfta innspelet som ei meldingssak, og det var semje om at ideen var god. – Dette er gode idear, men spørsmålet er kven som eventuelt skal ta den dryge prislappen, sa ordførar Jon Askeland om ideen om å bygga saman dei eksisterande bygga i Manger Senter, med parkering på kjellarplan. Formannskapet var samde om at utviklinga av senteret må gå vidare etter den reguleringsplanen som gjeld, og der er det opna for næring på kyrkjesida av vegen.

Rimelegare lånerenter

RADØY: Kommunen sparer pengar på den siste rentereduksjonen i Kommunalbanken. Reduksjonen femner ikkje om heile lånesummen, sidan halvparten av gjelda er låst til fastrente. Det gjeldande finansreglementet seier at det ikkje kan vera fastrente på meir enn halve gjelda.

Risnes skule har fått nye eigarar

RISNES: Kommunen har selt Risnes skule for 450.000 kroner, som er noko over takst. Den nye eigaren har alt søkt kommunen om å få godkjent at bygget vert brukt til bustadføre mål. Skulen har dei siste 10 åra vore nytta til bustad og møtelokale.